

Vigsling til presteteneste

1. Vigslingsgudstenesta følger ordninga Høgmesse til og med ledd 9 **Truvedkjenning**.
2. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen kan det ringjast med alle klokkene eller det kan kimast.
3. Til inngang i gudstenesta nyttar ein åpningsorda «I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande».
4. I staden for kollektbøna for dagen kan ein nytta kollektbøna for 1. sundag etter påske eller alternativ B i ledd 16 **Takkekollekt** i ordninga Preikegudsteneste.
5. I staden for tekstane for sundagen kan ein nytta Jes 6,1-8; Ef 4,11-16 eller Rom 12,4-11; Matt 9,35-38.
6. Om ein ynskjer det, kan ei av skriftlesingane i høgmessa og salmen mellom skriftlesingane falla bort.
7. Før handlinga legg ein stolaen åt ordinanden lett tilgjengeleg nær altarringen.

Denne liturgien er trykt i «Gudstjenestebok for Den norske kyrkje, del II Kyrkjelege handlingar», utgjeve i 1992. «Vår Far» er henta frå Den norske bibelselskapets oversettelse frå 2011.

Etter trudvedkjenninga går biskopen til altaret. Deretter følger

1 | Framstilling

Ein av prestane i kyrkja eller prosten på staden, eventuelt leiaren i soknerådet, ved lesepulten

Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

En ny arbeidrar i vår kyrkje vert framstilt for oss i dag. Kandidat i teologien (namnet vert nemnt) er kalla til teneste som ... i/ved (namnet vert nemnt).

Ordinanden reiser seg når namnet vert nemnt.

I dåpen vart vi innlema i Guds folk, og vi vart alle vigsla til å vera tenarar for Gud. For Skrifta vitnar om at heile Guds folk er eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som høyrer Gud til, så vi skal forkynna hans storverk, han som kalla oss ut or mørker til sitt underfulle ljøs.

Gud har og skipa ei særskild teneste med å forkynna evangeliet og forvalta sakramenta, for at han kan gje oss den trua som frelser, og haldeoss oppe i trua. Og han har gjeve kyrkja i oppdrag å kalla menneske til å gå inn i denne tenesta.

I dag skal denne medarbeidaren på apostolisk vis med handspålegging og bøn verta vigsla til prest og få ansvar for den offentlege forvaltninga av Ord og sakrament i kyrkjelyden.

2 | Bøn til innleiing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss be.

B vend mot altaret | Herre Jesus Kristus, du har gjeve kyrkja apostlar, profetar, evangelistar, hyrdingar og lærarar for å gjera dei heilage, så dei kan utføra tenesta si og din lekam kan byggjast opp. Vi takkar deg for di store miskunn og prisar ditt heilage namn, fordi du ikkje har sett på vår synd og utruskap, men nådig har late oss få ha ditt ord og dine sakrament hjå til denne dag.

Vi bed deg om at du ved din Heilage Ande vil opplysa og rettleia, trøysta og styrkja denne tenaren din, som i dag vert vigsla til presteneste i kyrkja. Gjør han og alle tenarar i kyrkja til tru hushaldarar over Guds løyndomar.

Lat denne heilage handlinga verta til ære for ditt namn, til framhjelp for Guds rike og til velsigning for denne tenaren din, så kyrkjelyden kan byggjast opp på deg, den einaste sanne grunnvollen.

K | Amen.

3 | Påkalling av Den Heilage Ande

Anten **A**

B vend mot altaret, messar eller seier | Send ut din Ande, o Herre, så du skaper deg tenarar.

Alle syng dei to fyrste versa av «Kom, Ande med di skaparmakt»
(NoS 512,1-2).

K | Kom, Ande med di skaparmakt, og reis det synd har øydelagt, og fred og fryd i nåde giv kvart hjarta du har vakt til liv.

Kom du, den sanne trøystermann, du gåve frå Guds eiga hand, du livsens brunn og jkærleiks vell, du salve mild og himmeleid! NoS 512,1-2

Eller **B**

B vend mot altaret, syng | Kom, Heilage Ande, Kristi tolk,

K | fyll hjarta hjå ditt kristenfolk! Lat oss din eld i hugen få, så vi av kjærleik brenne må! Dei skilde tunger einar du, og samlar i den same tru all verdens mange folkeslag. Deu syng di ære natt og dag. Halleluja, Halleluja!

4 | Skriftlesing

Mellom lesingane kan ein syngja NoS 512,3-7 eller ein annan salme av epiketisk karakter.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om den heilage tenesta.

Tekstane nedanfor vert lesne frå lesepulten av dei som hjelper til.
Kyrkjelyden sit medan det vert lese.

Fyrste lesinga

Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 28. kapitlet:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» MATT 28,18-20

Salme, f.eks. NoS 512,3-4

Andre lesning

Det står skrive hos evangelisten Johannes i det 20. kapitlet:

Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei

og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.» **JOH 20,19-23**

Salme, f.eks. NoS 512,5

Tredje lesning

Det står skrive i Paulus' andre brev til kyrkjelyden i Korint i det 5. kapitlet:

Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

Salme, f.eks. Nos 512,6

Fjerde lesning

Det står skrive i Peters fyrste brev i det 5. kapitlet:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen.

1 PET 5,1-4

Salme, f.eks. NoS 512,7

5 | Ordinasjonstale

Biskopen held ein kort tale over ein høveleg tekst.

Etter talen går ordinanden fram og stiller seg framfor altarringen.

Dei som hjelper til, reiser seg.

6 | Formaning og lovnad

B | Du har høyrte Guds ord om tenesta, kva ho krev og kva ho gjev, kor rik ho er på herlegdom, og kor naudsynleg tenesta er for Guds kyrkje på jorda. Når Herren no tiltrur deg prestenesta i vår kyrkje, pålegg og formaner eg deg

- at *du* forkynner Guds ord klårt og reint, som det er oss gjeve i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om det i vedkjenninga si, og forvaltar dei heilage sakramenta etter den skipnad Kristus sette, og den ordning vår kyrkje har,
- at *du* i sjelesorg og skriftemål har omsut for kvart einskilt menneske og ber dei fram for Gud i bøn og påkalling med takk,

- at *du* trufast rettleier og formanar til sann omvendning, levande tru på Kristus og eit heilagt liv i kjærleik til Gud og nesten,
- at *du* sjølv og av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen.

B spør kvar einskild ordinand | (Namnet vert nemnt), lovar du for Guds åsyn og andsynes denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde Gud sjølv vil gje deg?

Ordinanden | Ja.

B | Så gjev meg handa på det.

Ordinanden stadfester lovnaden med handslag til biskopen.

7 | Håndspålegging og bøn

B | Når vi no legg hendene på deg og bed, vil vi overgje *deg* til Gud, og be om at han ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Ordinanden kneler.

Biskopen og dei som hjelper til, legg handa på hovudet til ordinanden. Er det fleire ordinander, flytter biskopen handa frå den eine ordinanden til den andre under dei to bønene som følgjer.

B | Miskunnsame Gud, Far i himmelen, du har ved Son din Jesus Kristus sagt at hausten er stor, men onnefolka få, og at vi skal be deg som eig grøda, at du må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda di.

Høyr då bøna vår for *han* som i dag vert vigsla til prestetenesta. Styrk *han* i trua, og gjer *han* dugande til den gjerning som vert tiltrudd *han*. Send *han* din Ande med gåver til tenesta, så *han* kan verta *ein rett arbeidar* i di haustvinne.

Gjev *han* å utføra tenesta med frimod og truskap, å rettleia, trøysta og refsa med spaklynde og visdom, og i alle ting syna seg som *ein god hushalder* over din mangfaldige nåde.

Ver med *han* i motgang og prøvingar, og gjer *han* tolmodig og audmjuk i hjarta, så di kraft må kjennast i *hans* vanmakt. Gjev at gjerninga *hans* må bera frukt etter din vilje. Og når arbeidsdagen er til ende, lat *han* koma inn til gleda hjå deg og få del i arven med alle dei heilage.

Biskopen, dei som hjelper til, og kyrkjelyden

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Biskopen og dei som hjelper til, kneler, og bøna sluttar med at kyrkjelyden syng fyrste verset av «No bed vi Heilag Anden god (NoS 511)

M | Nå bed vi Heilag Anden god om den rette tru og heilagt mod, at han vil oss vare til vårt liv skal ende, alt til vi skal fare heim frå vårt elende. Herre, høyr vår bøn!

Deretter reiser biskopen seg, like eins ordinanden og dei som hjelper til.

B vend mot ordinanden | Så gjer eg kunnig at *du* er rett *kalla prest* i vår kyrkje, med det mynde og ansvar som høyrer *ditt* heilage kall til, etter Guds ord og dei ordningane vår kyrkje har.

Dei som hjelper til, legg stolaen over skuldrene til ordinanden.
Den nye presten og dei som hjelper til, går til plassane sine.

8 | Påminning om ansvaret kyrkjelyden har

B vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Saman har vi overgjeve *denne vår* medkristne til Gud og bedde om velsigning gjerninga *han* går til. Lat oss ta imot *han* i kjærleik, framleis bera *han* fram for Gud i bønene våre og stå saman med *han* i forsoningstenesta.

Deretter held gudstenesta fram etter ordninga Høgmesse frå og med ledd 10 **Salme før preika**.

Ledda 21 **Velsigning og sending** og 22 **Postludium** får denne forma:

Velsigning og sending

B ved alteret, vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

M | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

B | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

M | Amen. Amen. Amen.

Under den stille bøna som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

B vend mot kyrkjelyden | Kristus seier: De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, frukt som varer. **JOH 15,16**

Gå i fred. Ten Herren med glede.

Postludium

Under postludiet går prosesjonen ut av kyrkja.